

Vedtekter for Sogndal Venstre

Vedteke på årsmøtet i Sogndal Venstre 9. januar 2019

§ 1. FORMÅL

Venstre har til formål å arbeida aktivt for Venstre si sak i Sogndal kommune i samsvar med Venstres hovudvedtekter og Venstre sitt program.

§ 2. MEDLEMSKAP

Personar over 15 år som ikkje er medlem i noko anna parti, og som deler Venstre sitt grunnsyn, kan verta medlemmer i Venstre. Medlemskapet gjeld frå det tidspunktet ein melder seg inn. Medlemsrettar får ein når kontingenten er betalt.

Medlemskap, og dei rettar medlemskap gjev, gjeld berre i eitt lokallag.

Medlemskapen er personleg, og medlemsrettar kan ikkje overførast til andre.

§ 3. ORGANISASJON

I Venstre er medlemmane organisert gjennom lokallag, fylkeslag og Venstres nasjonale organisasjon.

Venstre sine partiorgan i lokallaget er lokallagsstyret og lokallagsårsmøtet. Det kan innkallast til medlemsmøte ved fullmakter som er gjeve av desse vedtektene eller av årsmøtet.

Sogndal Venstre er knytt til Venstres Opplysnings- og Studieforbund (VO).

Begge kjønn skal som ein hovudregel vera representert med minst 40 prosent i Sogndal Venstre sitt styre, utval og komitéar.

Folkevald for Sogndal Venstre vert ein berre ved å stilla til val på Sogndal Venstre si valliste og på Venstre sitt program. Har ein stilt til val på Sogndal Venstre sitt program, så er dette den kontrakten ein har med veljarane.

Sogndal Venstre sine partiorgan kan ikkje instruera folkevalde som er innvalde for Sogndal Venstre utover det programmet dei er valde på. Dersom det er punkt i eit partiprogram ein folkevald ikkje kan følgja, så har den folkevalde plikt til å informera vedtaksorganet/ nominasjonsmøtet om dette.

Sogndal Venstre sin folkevalde representantar pliktar å skapa gode politiske prosessar og lytta til innspel frå eige parti.

Sogndal Venstre sine folkevalde representantar dannar i heradsstyret si eiga gruppe med styre og gruppereglement.

Protokollar

Møteprotokollar frå lokallaget skal sendast til alle som er innkalla til møta og vert elles lagde ut på laget si heimeside.

Røystereglar i lokallaget

Møteleiaren gjer framlegg om korleis røystingane skal gå føre seg, men personval skal skje skriftleg dersom minst éin person krev det. Vedtak i andre saker enn dei som gjeld vedtektsending, vert gjorde med fleirtalsvedtak.

Dersom røystetala for og mot i ei sak er like, fell framlegget.

Ved val av leiari og nestleiar vert det kravd at over halvparten av røystene er for kandidaten. Oppnår ein ikkje det ved første votering, skal det vera bunde omval mellom dei to som har fått flest røyster. Dersom

det er røysteliskap ved andre valomgang, vert valet avgjort ved loddtrekking. Røysetelar ved val skal vera påført så mange namn som det skal veljast personar i valomgangen.

§ 4. STYRET

Styret leier laget si verksemd mellom årsmøta i samsvar med vedtektene og dei vedtaka som vert gjort av årsmøtet. Styret skal ha minst fire møte mellom kvart ordinært årsmøte, og elles så ofte som leiaren eller 1/3 av styret krev det. Styret er vedtaksført når minst halvparten, og leiaren eller nestlederen, er til stades. Lokallagsleiaren kallar styret saman og leier møta. Styremøta er i utgangspunktet opne for medlemmene i lokallaget.

Leiaren for Venstre si kommunestyregruppe møter i styret, men utan røysterett dersom personen ikkje er styremedlem.

Lokallagsstyret skal følgja opp vedtektene og har ansvar for lokallaget sin økonomi, nettsider, politikk, informasjonsverksemd, skulering, medlemsverving og utoverretta verksemd.

Lokallagsstyret kan nemna opp eigne utval og komitéar til å ta seg av særskilde oppgåver, t.d. valkamputval, skuleringsutval, programkomité og nominasjonskomité.

I kommunevalår skal styret sørgja for at det vert nemnt opp ein programkomité som skal utarbeida framlegg til eige valprogram for Sogndal Venstre. Programmet vert vedteke av årsmøtet eller eit medlemsmøte som vert innkalla med 14 dagars varsel.

Etter eit kommunestyreval kallar styret inn dei representantene som har vorte folkevalde for Venstre i kommunestyret til konstituerande møte, men dei folkevalde konstituerer seg sjølv og vel gruppeleiar.

I år før kommunevalår skal styret setja i gang ein open nominasjonsprosess og sørgja for at nominasjonsmøtet vert halde innan utgangen av februar (i valåret). Styret førebur nominasjonen og nemner opp nominasjonskomité. Vallista vert sett opp på nominasjonsmøtet. Nominasjonsmøtet si samansetting og røystereglar er dei same som for årsmøtet.

Før fylkeslaget sitt nominasjonsmøte skal årsmøtet eller eit medlemsmøte velja delegatar og varadelegatar. Eit medlemsmøte for å velja delegatar skal kallast inn med 14 dagars varsel ved lysing i lokalavisa eller skriftleg invitasjon til alle medlemmer i lokallaget. Delegatane skal ha fullmakt underskrive av leiar i lokallaget.

§ 5. ÅRSMØTET I LOKALLAGET

Årsmøtet er øvste styringsorgan for lokallaget. Årsmøtet skal haldast årleg innan utgangen av januar. Styret kallar inn til årsmøtet med minst 14 dagars varsel. I innkallinga vert sett ein frist til å fremja framlegg til politiske fråsegner og andre framlegg som medlemmer vil ha ta opp på årsmøtet. Årsmøtet skal berre gjera vedtak i dei sakene som er sett opp på saklista for møtet.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret vedtek det, eller når minst ein tredel av medlemmene skriftleg krev det. Ekstraordinært årsmøte kan berre drøfta og gjera vedtak i dei sakene som er førde opp i innkallinga til møtet. Tid og stad vert fastsett av lokallagsstyret. Møtet vert innkalla med minst 14 dagars varsel.

Alle medlemmer etter §2 har tale-, framlegg- og røysterett på årsmøtet. Kontingenten vert rekna som betalt dersom kontingenten er betalt for inneverande år for lag som har årsmøte før årsskiftet, eller for året før eller inneverande år for lag som har årsmøte i januar. Medlemmer som er innmelde etter 1.11 må også ha betalt kontingent for å få røysterett.

Årsmøtet er i utgangspunktet eit ope møte.

Årsmøtet vert opna av lokallagsleiaren som leier konstitueringa av møtet der det vert gjort følgjande val:

1) Møteleiar

- 2) Minst ein sekretær som fører møteprotokollen
- 3) Røysteteljarar
- 4) Redaksjonsnemnd for politiske fråsegner
- 5) To personar til å skriva under protokollen.

Protokollen skal vera underskriven og tilgjengeleg seinast ein månad etter årsmøtet. Endeleg godkjenning av protokollen skjer i det første styremøtet etter protokollen er underskriven.

Val

Årsmøtet skal velja:

1. Lokallagsstyre. Årsmøtet vel eit styre med 5 medlemmer inkludert leiar og 2 varamedlemmer. Leiar og to av styremedlemmene står på val kvart år. Varamedlemmene står på val kvart år. Unge Venstre har rett på representasjon i styret og vel sin eigen representant.
2. Ein revisor til å stå for revisjon av lokallaget sin rekneskap. Revisoren kan ikkje ha andre verv i laget.
3. Delegatar til fylkesårsmøtet.
Kvart årsmøte vel delegatar og varadelegatar til fylkesårsmøtet i samsvar med lokallaget sin kvote. Delegatane skal ha fullmakt underskrive av leiar i lokallaget. Årsmøtet kan gje styret fullmakt til å nemna opp delegatar til fylkesårsmøtet.
4. Valnemnd. Årsmøtet vel ei valnemnd etter framlegg frå styret. Valnemnda kjem på neste årsmøte med framlegg til val av styre, revisor og delegatar til fylkesårsmøtet. Ingen av medlemmene eller varamedlemmene i det sitjande lokallagsstyret kan vera medlemmer eller varamedlemmer til valnemnda.

Årsmøte skal vidare:

1. Handsama styret sitt framlegg til årsmelding og rekneskap.
2. Fastsetja lokallaget sin del av kontingenten for neste år.
3. Drøfta og røysta over andre saker som er fremja i samsvar med vedtektene.

§ 6. SAMARBEIDET MELLOM LAGET OG KOMMUNESTYREGRUPPA

Leiaren i Venstre si kommunestyregruppe skal halda lagsleiaren løpande informert om møta og dei viktigaste sakene i heradsstyret. Før kvart møte i kommunestyret drøftar leiar av kommunestyregruppa og lagleiar om det skal kallast inn til eit møte mellom kommunestyregruppa og styret eller medlemmene. På desse møta skal alle viktige saker som gjeld kommunestyregruppa og lokallagsstyret sitt arbeid drøftast. Leiaren av kommunestyregruppa leier møta.

Administrasjonen og formannskapet sitt framlegg til budsjett vert drøfta på eit medlemsmøte der kommunestyrerepresentantane er til stades. På eit eige møte mellom gruppa og styret vert drøfta val av ordførar, varaordførar, formannskap, og medlemmer til dei viktigaste kommunale styre, råd og utval.

§ 7. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Desse vedtektene vert endra av årsmøtet når minst to tredeler røystar for det. Framlegg til vedtektsendringar må på førehand leggjast fram for styret, og framlegg til endringar må av styret vera sende ut til medlemmene minst ein månad før årsmøtet. Endringar av vedtektene skal godkjennast av fylkesstyret. Eit eventuelt avslag på godkjenning i fylkesstyret kan klagast til sentralstyret.

§ 8. OPPLØYSING AV LAGET

Framlegg om oppløysing av laget må drøftast på årsmøtet. Vert framlegget vedteke med 2/3 fleirtal, skal det sendast fylkesstyret til uttale. Endeleg vedtak om oppløysing av laget må, for å vera gyldig, vedtakast med 2/3 fleirtal på neste årsmøte. Dersom eit lag vert oppløyst, skal formue, eigedom, arkiv o.a. overførast til fylkeslaget. Alle verdiar skal stå urørt i 5 år i tilfelle laget vert starta oppatt. Dersom det ikkje vert starta opp nytt lag, rår fylkesstyret over midlane.

Dersom laget ikkje har verksemd i meir enn eitt år, kan fylkeslaget eller Venstres Hovedorganisasjon konstituera nytt styre, eventuelt oppløysa laget.